



**- Får vi som har bankboks i Uskedalen ny i Rosendal eller på Husnes eller blir dei plasserte i butikken? Dette er eitt av spørsmåla som uskedalen.no har fått i samband med nedleggjinga av bankfilialen her i bygda.**

Assisterande banksjef Kåre Ertsland svarar at bankboksar ikkje kan plasserast på SPAR av omsyn til tryggleiken.

Dei som ynskjer bankboks må få det i Rosendal eller på Husnes. I Rosendal er det plass for alle medan det er plass for nokre på Husnes.  
Det vil bli sendt ut ei skriftleg orientering til kundane om dette og anna med det første,

Ellers kan Ertsland opplysa at det ikkje har vore mange spørsmål frå publikum i dei siste dagane og dei få som har kome har mest handla om praktiske ting.

- Har det ikkje vore nokre 'sinte' telefonar heller?

- Nei, det har det ikkje. Folk gjev uttrykk for at nedleggjinga av filialen ikkje kjem som nokon overrasking, seier Ertsland.

Av Ola Matti Mathisen